


Behov som må vere dekt for at menneske
skal fungere godt og ha det bra:



Du huskar kanskje Maslows behovspyramide? Maslow var opptatt av menneska sine mange behov, men i følge Scott Barry Kaufmann sette han sjølv desse aldri opp i eit slikt hierarki. Derimot var han opptatt av at menneska trengte å få dekt alle behova for god helse og utvikling. Kaufman laga seglbåtmetaforen for å vise Maslow sine teoriar, og forklarar den omtrent slik:

- Ein seglbåt på havet må kunne bevege seg framover. For å kunne gjere det må både båten og seglet vere tett, for havet (som eit bilde på livet) inneheld mange overraskingar og endrar seg stadig.
- Båten viser behova våre for sikkerheit. Om å kjenne seg trygg, kjenne at ein høyrer til, kjenne at ein sjølv har verdi/har god sjølvfølelse. Om desse behova ikkje er dekte vil båten søkke, og difor vil menneske måtte jobbe på spreng for å forsøke å tette desse hola.
- Seglet handlar om vekst og utvikling, om framdrift. Her treng vi menneske å få lov å utforske, kjenne kjærleik og oppleve at det vi gjer kjennest meningsfullt. Når vi ikkje opplever dette blir vi frustrerte, og vi kan bli sjuke. Vi mistar kraft til å gjere det vi skal, til å utvikle oss å vekse.

Maslow og Kaufman bruker ordet transendens om tilstanden vi er i når alle behova er dekt. Vi har valt å omskrive det til å fungere godt og ha det bra, i tilpassinga til norske forhold og enklare språk.